



NSB får nytt namn

– Undergrev autoriteten til Språkrådet, meiner Noregs Mållag om «Vý».

SIDE 4–5



Nynorsk i barnehagen

Mange barnehagar legg ikkje vekt på nynorsk skriftspråkstimulering, viser masteroppgåve.

SIDE 10–11



Ny læreplan i norskfaget

Tre fagfolk seier meiningsa si om den nye læreplanen.

SIDE 12–15

Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 2
april 2019

Maskinene og språket

Er den moderne teknologien eit trugsmål eller sjølvre redninga for nynorsken og dialektane?

SIDE 16–19



Dei minste må få rett til nynorsk

NT I 2017 kom det nye retningslinjer for dei som jobbar i barnehage, den såkalla *rammeplanen for barnehagar*. Trass innspel frå fleire, mellom dei både Noregs Mållag og Språkrådet, vart han vedteken utan at den norske språksituasjonen vart nemnd i det heile. Med andre ord står det ingenting om bokmål og nynorsk, og rammeplanen opnar dimed for at born i nynorskområde ikkje møter skriftleg nynorsk i det heile i løpet av åra i barnehagen.

NT Ei fersk masteroppgåve viser at den manglande tematiseringa i rammeplanen får følgjer. Anne Marta Vinsrygg Vadstein har vitja fem barnehagar i nynorskområde. Dei har i svært varierande grad ein aktiv strategi om å la ungane møte nynorsk i skriftspråkleg form, til dømes gjennom høgtlesing. «Berre ein av dei fem barnehagane i studien kan seiast å ha ein gjennomgåande nynorsk literacypraksis,» skriv ho.

NT Utsegner som «Eg vil ikkje påleggje medarbeidarane mine å lese på nynorsk», ytra av ein av pedagogane i studien til Vadstein, er eit klart prov på at vi treng ei sterkare styring av språkstimuleringa i barnehagar enn vi har i dag. Over 90 % av norske born går i barnehage, og det er det fyrste møtet ungane har med skriftspråket. Styresmaktene vel å ikkje tematisere dei to målformene våre overfor barnehagane. Med det sender dei eit signal om at barnehagen ikkje er ein språkleg læringsarena, og det er alvorleg.

NT «Det er tid for å tematisere målform og språklege rettar for dei under skulealder,» skriv Vadstein. Nettopp.

ASTRID MARIE GROV

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Astrid Marie Grov,
astrid.grov@nm.no,
tlf. 23 00 29 32

I redaksjonen:
Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS
smia@spraksmia.no

I ein læreplan bør dei to norske skriftspråka vera nemnde med dei rette namna sine: **bokmål og nynorsk**.

Vrak «sidemålet»!

DENNE VÅREN ER vi der på nytt – vi skal gå enda ein runde med den nye læreplanen i norsk, den som skal gjelde i skulen frå hausten 2020. Det byrja med det som fekk namnet «Overordnet del» våren og sommaren 2017. Så blei skisser til læreplanar utarbeidde i 2018 og lagde ut på høyring sist haust. Vi i Noregs Mållag har følgt den omstendelege (og slik sett demokratiske) prosessen heile vegen, og nå er det altså på 'an igjen.

Nå har framlegget frå Utdanningsdirektorats læreplangruppe vore innom Kunnskapsdepartementet, og ei læreplanutgåve som er enda eit steg nærmare den endelege utgåva, er lagd ut på høyring. Frå nynorsk-synspunkt har eitt punkt blitt betre i prosessen. Det står i utkastet at «Den første lese- og skriveopplæringen skal foregå på elevenes hovedmål.»

ER DET NOKO å slå hæla i taket for, da? spør sikkert den jamne lesaren. Er ikkje det rimeleg sjølv sagt at den første lese- og skriveopplæringa er på hovedmålet? Men så er altså verda slik innretta at det er det ikkje. Mange 1.- og 2.-klassingar i nynorskskular får møte masse bokmål i det dei blir presenterte for i klasserommet – i songar, lesestykke, skriving på tavla og ikkje minst via dei digitale læringsverktøya. Om setninga ovanfor får overleva høyringsprosessen, blir denne «bokmålslekkasjen» i strid med læreplanen, og godt er det.

MEN ÉI GOD setning er ikkje nok til å utgjera ein god læreplan for nynorskelevane. Eit hovudproblem er at elevane etter planen ikkje lenger skal få skilde hovedmåls- og sidemålskarakterar til jul og sommar i 9. klasse og i vg1 og vg2. Når det ikkje står nokon stad at elevane skal skrive like mange oppgåver på bokmål og nynorsk og heller ikkje at ferdigheitene i hovedmål og sidemål skal vektast likt i den endelege halvårs karakteren, opnar det for at ein lærar i ein bokmålsklasse på 9. trinn kan nøye seg med å la elevane skrive ei twitternovelle eller to på nynorsk og med handa på hjartet på sommaravslutninga seie at han har følgt læreplanen til punkt og prikke. Elevane har skrive nynorsk i dette skuleåret, og vurderinga av desse



MAGNE AASBRENN
leiar i Noregs Mållag



twitternovellene på 280 teikn inngår i den samla halvårs karakteren.

Ein karakter der bokmål i praksis tel 98 %. Når høyringa er ferdig, må læreplanen sette ein stoppar for slike fikse måtar å omgå intensjonen til læreplannemnda på.

LIKE FULLT SLÅR det meg at om vi aldri så mykje fár flikka på den nye læreplanen etter tre år «i prosess» (som dei seier), så er det éin ting som er grunnleggande feil og som det ikkje ser ut til at vi fár gjort noko med.

Det er sjølv ordet «sidemål». Eg hatar det ordet. I pressa og når folk snakkar, opplever vi kvar dag og kvar time at dei ser på «nynorsk» og «sidemål» som synonym. Sidemålsundervisning blir i praksis rekna som nynorskundervisning.

På sett og vis går det godt an å skjonne det. 88 % av grunnskuleelevarane i Noreg har bokmål som hovedmål og nynorsk som sidemål. Så da er jo nynorsk «sidemål» for dei aller fleste.

MEN DET ORDET øydelegg mykje for statusen til nynorsken. Kva slags andre ord i språket byrjar med «side-»? Jo, det er «sideordning», «sidegate» og «sidesprang» – slike ord som viser at det som vi snakkar om nå, det er ikkje noko vesentleg, det er noko som er attåt noko anna.

Det er som om sjølv ordet «sidemål» forviser nynorsken til grøfta langs den norske språkmotorvegen. Og elevkoret stemmer i: «Skal vi ha norsk eller nynorsk i dag, lærer? For nynorsk, det veit jo alle, er noko mindre vesentleg der ute på *sida*.»

I EIN LÆREPLAN bør dei to norske skriftspråka vera nemnde med sine rette namn. Bokmål og nynorsk. Dette er faktisk gjennomført i det nye planframlegget når det gjeld lesing og lytting.

Stadig flere av disse nye navnene minner mer om revnumre enn om gode og opplysende navn for befolkningen.

*Styreleiar Erik Ulsby
i Språkrådet
om statleg namnsetjing
i Aftenposten*

Dette er så deilig dobbelt-moralsk: Staten deler ut klarspråkprisar til etatar som jobbar godt med forståeleg språk, samstundes som den same staten døyper etatar og selskap for Vy og OsloMet.

@jenskihl på Twitter

Når NSB blir til Vy, burde vi vel også revurdere «Norge», som er gammelmodig og ikke lenger særlig dekkende. Hva bør landet vårt hete?

@KongenDin på Twitter

Skulle av og til ønske jeg skrev på nynorsk. Litt fordi det har mange kule uttrykk og litt fordi det irriterer folk.

@schish76 på Twitter

Me skriv nynorsk og snakkar stril.

*Målprisvinnaren
frå Hordaland Mållag,
Reigstad Bygg og Eigedom,
til avisra Strilen.*

Leiaren i Noregs Mållag vil gjerne logge inn i nettbanken med orda «STORKNA MANNESVITTE».

Framtida.no

Fantastisk at vårt eget språk engasjerer! Linda Eide avliver myten om at det bare er en gruppe gretne, gamle norsklærere som bryr seg.

@DavyWathne på twitter

Veit du korleis appelsina vart til juice?

Nei....

Ho blei pressa til det...

*Plakat i fruktseksjonen
på ein Rema 1000 i Bergen*

Elever har en hektisk hverdag med pensum som for mange virker overveldende. Da er det trist at elever må bruke unødvendig tid på nynorsk.

*Adrian Smith Stenberg (FrP) og
Johan Nicolai Hertzberg (FrP)
i Vårt Oslo*

– Språkrådet skal være den foretrukne totalleverandøren av språkopplevelser.

*Direktør Åse Wetås i aprilspøk
frå Språkrådet der dei melder
at dei skiftar namn til OrdNOR*



Illustrasjon: Kjartan Helleve


Elevane i 4. klasse skal «lytte til og lese skjønnlitteratur og sakprosa på bokmål, nynorsk og i oversettelse fra samisk og andre språk».

Men ordparet hovudmål/sidemål kjem i bruk når det handlar om det elevane skal *skrive*. I det nye læreplanframlegget står det at «i vurderingen av sidemålstekster skal læreren ta hensyn til at elevene har hatt lengre tid med formell opplæring i hovedmålet enn i sidemålet.»

VED FØRSTE AUGEKAST ser dette ut som lik hand-saming av dei som har bokmål som sidemål og dei som har nynorsk som sidemål. I praksis opnar det for eit stort, taktisk språkskifte der nynorskelever byter hovudmål for å få større utteljing for nynorsk-kompetansen sin om han blir testa som sidemål.

I Granavoll-erklæringa frå regeringa står det at bokmål og nynorsk skal vera likestilte. Da er ein god start å vraka ordparet «sidemål/hovudmål» og heller seie at alle elevar skal lære både bokmål og nynorsk, basta. Dei to skriftspråka skal handsamast likt i skuleverket, og elevane skal prøvast i og få eigen karakter i begge. Kan det vera så vanskeleg?

Det er som om sjølve ordet «sidemål» forviser nynorsken til grøfta langs den norske språkmotorvegen.



KRITIKKAROST: Lars Svisdal fekk Tarjei Vesaas' debutantpris for «Seg til inkjes».

Foto: Gydendal/ Paul S. Amundsen

Nynorskdebutantar heidra

To unge forfattarar har nyleg fått prestisjetunge prisar for utgjevingar på nynorsk.

Lars Svisdal (f. 1985) frå Sunndal fekk Tarjei Vesaas' debutantpris 2018 for *Seg til inkjes*, ei bok om venskap og identitet som har fått svært gode kritikkar.

Boka er utkomen på Gyldendal Forlag.

Mathias Nyhagen Asplund (f. 1988) frå Bodø fekk debutantprisen frå Kulturdepartementet for *Der ingen finn oss*, ei barnebok om venskap og alvorleg sjukdom. Boka er utgjeven på Cappelen Damm.

Mediemelding utan nynorsk

Mediestøttemeldinga frå Kulturdepartementet vart lagt fram i slutten av mars, og signaliserer korleis pressestøtta skal fordelast frametter. Mållagsleiar **Magne Aasbrenn** er kritisk til at nynorsk ikkje er nemnt i meldinga.

– Mediemeldinga har mange gode formuleringar om kor viktig norske medium er for norsk språk, men ho tek ikkje tydelege omsyn til dei svært ujamne konkurransetilhøva mellom nynorsk og bokmål.

Aasbrenn vonar nynorsk kan bli eitt av fleire styringsmål for den nye mediestøtta, slik kulturminister



UTAN KRAV: Kulturminister Trine Skei Grande nemner ikkje nynorsk i mediestøttemeldinga.

Foto: Mona Lindseth/Venstre

Trine Skei Grande har opna for i eit intervju med Framtida.no.

Esperanto er eit levande språk

I Norsk Tidend nr 1. 2019 i saka om prinsipprogrammet seier Jens Haugan: «Alle levande språk må vere dynamiske og kunne ta opp i seg nye ord og eventuelt grammatiske trekk. Dersom ein vel ei snever og puristisk tilnærming til nynorsk, vil ein redusere målforma til nettopp eit skriftspråk, på lik linje med latin og esperanto».

I motsetnad til latin nyttar ein esperanto både skriftleg og munnleg kvar dag. I dag er det over ein million som har teke til å læra esperanto via DUOLINGO på engelsk, spansk

NT YTRING

eller portugisisk. På dei årlege verdskongressane kjem 600 til 3000 personar saman for å vera med på ulike arbeidsmøte, samtalegrupper, teater, konserter, foredrag m.m. – alt på esperanto. Ein reknar med at om lag 2000 familiar rundt om i verda nyttar esperanto heime. Slik vert barna «innfødde» esperantobrukavarar.

Kjell Peder Hoff,
Rælingen

Mållaget kritisk til «Vy»

I mars vart det kjent at NSB skiftar namn til «Vy», **i strid med råda** frå Språkrådet. Det meiner Noregs Mållag er feil.

– Det er alvorleg at endå ei offentleg verksemad har skifta namn utan at råda frå Språkrådet vart teknike på alvor, seier Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag. – Namnet NSB har vore godt nok i 135 år, men no blir det vraka til fordel for «Vy». Dette er endå eit døme på at dei som sit med den endelege makta i slike namnespørsmål, vel å følgja råd frå reklamebransjen heller enn å respektera statens eigne fagfolk.

Dei seinare åra har vi fått fleire

offentlege namn som har vore i strid med dei faglege råda, som OsloMet for Høgskolen i Oslo og Akershus, Equinor for Statoil og Bane NOR for ein del av Jernbaneverket. Også i namngjevinga av nye fylke har det politiske fleirtalet sett bort ifrå Språkrådets råd. Det vil Noregs Mållag ha slutt på.

– På sikt undergrev alle desse tilfella autoriteten til Språkrådet, noko vi i Noregs Mållag meiner er svært uheldig, seier Magne Aasbrenn.

– Særleg i tider med stor teknisk og økonomisk modernisering treng vi ein tung og respektert offentleg instans som tek vare på språkleg fagkunnskap og har gjennomslag i namnespørsmål.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no

Regjeringa spel til ny S

Alle som ønskjer det, kan no koma med innspel til kva dei meiner er viktig for **norsk språkpolitikk** i framtida.

Det kunngjorde statssekretær Frida Blomgren i Kulturdepartementet då ho torsdag opna Språkdagen i Oslo. Det er Språkrådet som arrangerer det årlege arrangementet.

Kan påverka

Blomgren fortalte at regjeringa tek sikte på å leggja den lenge varsla språklova fram for Stortinget våren 2020. I den samanhengen vil det også bli laga ei ny språkmelding.

– Det er ikkje alle spørsmål som det er like naturleg å behandla i ei språklov. Difor skal vi også levera den første språkmeldinga på over ti år. Dette arbeidet vil regjeringa gjerne ha innspel til, sa statssekretæren.

Ho fortalte at alle som ønskjer det, no kan gå inn på regjeringa.no og formidle synspunkta sine og vera med

å påverka språkpolitikken for framtida.

Høyringssinnspeil til språklov

I samband med høyringssinnspeilet til ny språklov blir det også mogleg å koma med innspel. Departementet opplyser til Nynorsk pressekontor at målet er å senda lovforslaget ut på høyring til hausten.

For å styrkja det norske språket har det lenge vore arbeidd for at Noreg skal få ei eiga språklov. Sjølv om vi har ulike lover og føresegner som tek føre seg språk i Noreg, finst det inga overordna språklov. Dette skal den nye språklova bøta på.

– Norsk skal vera berande

– Det overordna målet er at norsk språk skal vera eit fullverdig og samfunnsberande språk også i åra som kjem. Vi skal også verna og fremja norsk teikn-språk, samiske språk og nasjonale minoritetsspråk, sa Blomgren då ho opna Språkdagen.

Ho meinte språkmangfald er bra for den einskilde og eit gode for samfunnet, men gjorde det samtidig klart at det finst ein språkleg ubalanse i Noreg.

– Maktforholdet mellom dei ulike språka er ikkje lik. Difor treng vi språkpolitikk, sa ho.

NPK



VY: – NSB er ikkje lenger eit dekkjande namn på verksemda, sa styreleiar i Vy Dag Mejell som grunngjeving for namneskiftet.

ønskjer inn-pråkmelding



BER OM INNSPEL: Statssekretær Frida Blomgren i Kulturdepartementet opna Språkdagen 2019 og oppmøda alle som ønskjer det, om å koma med innspel til den nye språkmeldinga.

Foto: Trygve Indrelid / NTB / NPK



DAGLEG LEIAR: Etter fleire år i utlandet kjem Tone Slenes heim og til Ivar Aasen-tunet.

Foto: Foto: Aasen-tunet / Laila Walseth Lid

Tone Slenes vert dagleg leiar i Aasen-tunet

Den nye daglege leiaren i Ivar Aasen-tunet er **Tone Slenes** frå Ørsta.

– Med Tone Slenes på laget styrkjer vi det kulturfaglege arbeidet vårt. Vi får ein avdelingsleiar som kan bygge på det som er, og samstundes skape nye relasjonar lokalt, nasjonalt og internasjonalt, seier direktør Per Magnus Finnanger Sandmark i Nynorsk kultursentrums.

Slenes har tidlegare arbeidd tre år ved den norske ambassaden i Hanoi, fire år i New Delhi og fleire år i bistandsdirektoratet Norad. Ho har informasjonsutdannin-

ning frå Høgskulen i Volda og årseiningar i engelsk og psykologi. Medan ho fullførte studia på byrjinga av 2000-talet, var ho tun-assistent i Ivar Aasen-tunet. No ser ho fram til å kome tilbake til Aasen-tunet.

– Som sambygding er eg stolt av Ivar Aasen-tunet. Eg vil med stor entusiasme trekke på mine erfaringar og ønskjer å vere ein god rådgivar lokalt, nasjonalt og internasjonalt, slik at vi saman set eit breiare avtrykk med innsatsen vår, seier Slenes.

Tone Slenes tek til i august.

Aasentunet

– Skift til nynorsk skattemelding!

Tal frå **Skatteetaten** viser at om lag 473 000 får skattemeldinga (tidlegare kalla sjølvmelding) på nynorsk.

– Det er eit godt tal, men vi kan enno bli fleire, meiner mållagsleiar **Magne Aasbrenn**.

– Eg er glad for at så mange nyttar jamstillinga i lovverket og ber om skat-

meldinga på nynorsk. Men eg trur framleis det finst ein god del nynorskbrukarar og nynorsksympatisørar som berre ikkje har kome seg til det. Så oppmodinga fram mot skatteoppgjaret neste år er å skifte til nynorsk skattemelding. Det kan du gjere allereie no, seier Aasbrenn.



Foto: Magnus Loennechen Skjelbek/Kringkastingsringen

Tidlegare NRK Super-profil skal leia Kringkastingsringen

Kathrine Nygård (25) frå Longva i Møre og Romsdal er vald til ny leiar i Kringkastingsringen.

– **EG SÅG AT** kringkastingssjefen sa han ville at 2019 skulle bli året der NRK faktisk nådde 25 prosent nynorsk. Det vil eg òg! seier **Kathrine Nygård** (biletet) i ei pressemelding.

Ho tek over som ny styreleiar i Kringkastingsringen etter Guro Kvalnes.

Kringkastingsringen vart skipa allereie i 1955 og har sidan den gong arbeidd for å fremma bruken av nynorsk, norske dialektar og samisk i allmennkringkastinga og media generelt.

– Det er nesten utruleg at ein medlemsorganisasjon som har eit så smalt arbeidsfelt, har greidd å overleva i meir enn seksti år. Men det seier berre at problemet enno ikkje er løyst, og det er openert at det er mange arbeidsoppgåver å ta tak i, seier Nygård.

Den nye leiaren i Kringkastingsringen har journalistutdanning frå Norges Kreative Høyskole, og hausten 2016 var ho nynorskpraktikant ved Nynorsk mediesenter.

25-åringen er kanskje mest kjent for si tid i NRK Super, mellom anna som programleiar i «Skolefri». Ho har òg vore journalist for *Eidsvoll Ullensaker Blad*, *Adopsjonsforum*, *Gaysir* og *Magasinet BLIKK*.

Framtida.no

TV 2 positive til meir nynorsk

KANALEN LOVAR å vurdere tiltak for meir nynorsk i skriftlege kanalar.

Noregs Mållag og Kringkastingsringen etterlyste meir nynorsk i skrift i møte med TV 2 i februar. Møtet viser at det ikkje er nokon prinsipiell motstand mot skriftleg nynorsk i kanalen.

– Vi er opne for å stimulere til at også skrivande medarbeidarar i TV 2 kan få bruke nynorsk, var den positive meldinga frå Trygve Rønningen, kanaldirektør, da han og Sissel Kruse Larsen, ansvarleg kommunikasjon og myndighetskontakt, tok imot Noregs Mållag og Kringkastingsringen i TV 2s Oslo-kontor. Møtet skjedde i høve at den nye TV 2-avtalen tok til å gjelde 1. januar 2019.

TV 2 er flinke på å la medarbeidarane bruke normalisert nynorsk og dialekt i munnlege innslag, og mang ein TV 2-medarbeidar har fått målpris for god og ledig språkbruk. Sist fekk Eli Kari Gjengedal Kringkastingsprisen i desember i fjor. Men skriftleg nynorsk har vore lite å sjå i mediehuset med hovudsete i Bergen.



MØTTE TV 2: Kristofer Olaiv Ravn Stavseng (t.v.) frå Kringkastingsringen og Magne Aasbrenn (t.h.) frå Noregs Mållag møtte programsjef i TV 2 Trygve Rønning.

Foto: Noregs Mållag

– TV 2 er ein viktig samfunnsaktør, og vi trur det er klokt, også reint kommersielt, å vere på lag med heile landet, seier Trygve Rønning. – Da blir det feil å ha språklege sperrer.



TEKSTA PÅ NYNORSK: Euforia film har fått mange bestillingar frå nynorskinoar på skodespelaren Agnes Kittelsen (t.h.) spelar ei av hovedrollene i filmen.

«Skammarens d med teksting og

For «Skammarens dotter 2», som nyleg har gått på kino, har alt materiell vore tilgjengeleg på nynorsk.

– **VI HAR FÅTT** veldig mange bestillingar frå nynorskinoar, det er nok ikkje heilt tilfeldig, seier Vibeke Skistad ved Euforia film til NPK.

Svært få kinofilmar har vore tilgjengelege med teksting på nynorsk. Då den første filmen om Skammarens dotter kom på kino i 2015, var det ein av dei få.

Euforia film og Storm films som står for lanseringa av «Skammarens

dotter 2 – Slangens gáve», er difor stolte av å kunne tilby både kino- og pressemateriell og teksting på begge målformer.

Filmen er basert på tredje boka i den danske bokserien skriven av Lene Kaaberbol, som er omsett og utgitt på nynorsk av Samlaget.

Prinsipp og politikk

Både trailer, plakatar, standar, omtale og materiell til sosiale medium har vore tilgjengelege på begge målformer.

Skistad er svært nögd med å kunne tilby materiell på begge målformer for filmatiseringa av ei bok som allereie er godt etablert på nynorsk i Noreg.

Det har likevel ikkje vore ein heilt problemfri prosess. Infrastrukturen og systema nettsidene



KATHRINE NYGÅRD
leiar i Kringkastingsringen

Hei frå ny leiar!

ALLE NYDELEGE NYNORSKBRUKARAR! Endeleg vart det min tur til å kjempe for nynorsken igjen! Sidan eg forlét Nynorsk mediesenter i Førde for to år sidan, har eg famla meg fram som nynorsk-brukande journalist i ei bokmålsorientert medieverd. For meg kan det å vere nynorskbrukar og ha gått på mediesenteret samanliknast med å vere homo og gå i Pride-paraden. Alle rundt deg er openbert homofile, men når veka er over, er du tilbake til å vere ein minoritet. No som eg har vore vekke frå mediesenteret ei stund, er det ei sann glede å ta fatt på arbeidet med meir nynorsk i media igjen!

DET ER IKKE mange veker sidan eg vart leiar i Kringkastingsringen, og læringskurva er bratt. Det er mykje nytt å setje seg inn i. Det er heilt openbert at det er ting å ta tak i, og at det framleis er rom for ein organisasjon som arbeider for meir nynorsk i media.

Sjølv om det står ein stor jobb att med å få meir nynorsk i allmennkringkastinga, er det viktig å setje fokus på – og sjå – den positive utviklinga. Det er også mykje som rører seg i rett retning. Det er stas at både VG og Aftenposten i løpet av det siste året har opna opp for nynorsk på redaksjonell plass. Det syner at sjølv dei mest hardnakka bastionane kan falle.

Eg har berre følgt med på dette frå utsida, men har blitt fortalt at desse endringane kom litt av seg sjølv. Målrørla har vore etter desse hovudstadsavisene i ei årrekke, og dei har vel aldri vore i tvil om kva me meiner. Etter det eg har forstått, kom endringane frå innsida, ved byte av redaktørar og frå ivrige journalistar som drista seg frampå. Flott! Generasjonsskifte i aviser har synt seg å vere til det gode for nynorsken.

DET ER VIKTIG å leggje til at desse redaktørane og journalistane ikkje kjem ut frå ingenting. Dei kjem frå aviser og redaksjonar der det å bruke nynorsk er naturleg. Det er denne haldninga dei har med seg inn i arbeidet sitt. Tidlegare har me sett at store aviser som VG og Aftenposten har slått knallhardt ned på «feil» språk. Endringa no ligg i at dei ikkje gjer dette lenger. Tvert imot seier dei no at nynorsk er heilt fint.

Difor var møtet me hadde hjå TV 2 i vinter, så positivt. Det var Mållaget som drog oss med, og det er dei som skal ha æra for at det kom i stand. Likevel var det nok til stor hjelp at me nett hadde gitt Kringkastingsprisen til Eli Kari Gjengedal. Programdirektør Trygve Rønningen sa tydeleg at han ikkje kunne love noko på direkten, men leiinga i kanalen kunne understreke at det ikkje var noko forbod mot å bruke nynorsk. Akkurat slik som det har blitt gjort i Aftenposten og VG.

MEN DETTE KAN ikkje vere meir enn fyrste steget. Kringkastingsringen meiner at det bør følgje med språkkrav til medieverksemder som får offentleg støtte. TV 2-avtala seier at kanalen skal nytte begge dei to offisielle målformene, men seier ingenting om kor mykje. Det burde ho ha gjort. På den måten ville det også vore lettare for kvar enkelt journalist i kvar enkelt redaksjon å nytte nynorsk, dersom ein hadde ein konkret prosent å måle etter.

Det skulle berre mangle at aviser som får mediestøtte, ikkje praktiserer nynorskforbod. Tvert imot. Dei burde hatt eit påbod.

Alle skal føle at dei blir representerte i mediebildet – og då er språkrepresentasjon heilt naudsynt.



«Skammarenens Dotter 2». Den norske
Foto: Lukas Juel Hammerich / Storm Films / Euforia

otter 2» materiell på nynorsk

er på, er nemleg ikkje bygde for to versjonar. Distributøren har brukt ekstra mykje tid på å følge opp både bokmåls- og nynorsk-kinoar for å sikre at dei får rett materiell.

– Eg vil likevel ikkje gi opp, dette blir prinsipp og politikk for meg, seier Skistad til NPK.

Leiar i Noregs Mållag, Magne Aasbrenn, er svært nøgd med at «Skammarenens dotter 2» har vore tilgjengeleg med nynorsk profil.

– Det er viktig at det norske språket og språkmangfaldet blir tatt vare på i populærkulturen for barn og ungdom, og då vert filmteksting på kino veldig viktig, seier Magne Aasbrenn.

NPK / ASTRID MARIE GROV

*Det er viktig at det
norske språket og
språkmangfaldet
blir tatt vare på
i populærkulturen
for barn og
ungdom.*

Magne Aasbrenn

Valnemnda vil høre frå deg!

Om eitt års tid er det landsmøte i Noregs Mållag, og då skal organisasjonen velje nytt styre. Leiari i valnemnda, **Kirsti Lunde** (biletet), ber alle lag om innspel til folk som kan høve som tillitsvalde.

– Kanskje sit nett lokallaget ditt med ei eller ein som kunne høve perfekt i sentralstyret? Kanskje er det nokon i lokalmiljøet ditt som gjer ein god jobb for nynorsk? Det er uråd for valnemnda å ha oversyn over heile organisasjonen og alle gode namn, så vi er heilt avhengige av å få inn tips, seier Lunde.

Om du har innspel til valnemnda, kan du sende dei til kirstilunde@gmail.com saman med ei kort grunngjeving.



Foto: Ole Gunnar Dybvik



ORDFØRAR FOR NYNORSK: Eva Vinje Aurdal, ordførar i Ålesund, meiner nynorsk understrekar inkludering og mangfold.

Foto: Ingeborg Refsnes

Nynorsk i nye Ålesund

– Nynorsk blir administrasjonsspråket i nye Ålesund.

DET SA ORDFØRAR i Ålesund Eva Vinje Aurdal på folkmøte om identiteten i den nye storkommunen. Ho meinte intensjonsavtalen om at nye Ålesund blir ein nynorskkommune, ligg fast.

1. januar 2020 blir fem sunnmørs-kommunar slegne saman til nye Ålesund kommune. Sunnmøre Mållag og Borgund Mållag inviterte til ope debattmøte i Ålesund der ordførarane i dei fem kommunane var inviterte til å snakke. Dei sentrale spørsmåla for møtet var: Kva vil vi med nye Ålesund kommune? Kva identitet og kulturelt fellesskap vil den nye kommunen bygje på, og kva plass har nynorsken i dette?

Møteleiar var tidlegare stortingspolitikar og fylkesmann Lodve Solholm, og i panelet sat ordførar i Ålesund Eva

Vinje Aurdal, ordførar i Haram Vebjørn Krogsæter og ordførar i Ørskog Knut Helge Haram. Det var god stemning og interessante innlegg, der både identitet og kulturell bakgrunn vart drøfta. Fleire tok til orde for at Ålesund ikkje er nokon einsarta bokmålsby, men har blitt bygd opp av bygdefolk frå andre delar av Sunnmøre som kom til byen med nynorskbakgrunn.

I intensjonsavtalen vart kommunane samde om at administrasjonsspråket i storkommunen skal vere nynorsk. Mange meinte at dette var noko ein ikkje måtte ta for gjeve, og at det er noko det kan det bli meir strid om.

Eva Vinje Aurdal, ordførar i Ålesund, sa at intensjonsavtala ligg fast, og at nynorskvedtaket som er fatta, vil stå seg. Ho peika også på at Ålesund har ein lang tradisjon for å vende seg utover mot verda og ta i mot verda i byen.

– Nynorsk er med på å understrekke både inkludering og mangfold, sa Aurdal.

HEGE LOTHE
hege.lothe@nm.no



STIPENDVINNERAR: Kristoffer Hundershagen (t.v.) og Julie Ane Ødegaard Borge

Nynorsksti dataspel og

To utviklarar av læringsressursar fekk stipend av Noregs Mållag under Bergenskonferansen 6. april.

– Ingenting er meir naturleg enn å ha det på nynorsk, seier **Kristoffer Hundershagen**, ein av vinnarane.

KVART ÅR DELER Noregs Mållag ut to nynorskstipend på 50.000 kroner. Føremålet med stipenda er å hjelpe fram gode prosjekt som kan fremja nynorsk på alle samfunnsområde. Stipenda for 2019 går til Kristoffer Hundershagen, som utviklar eit matematikkspel, og Julie Ane Ødegaard Borge, som skal laga kortstokkar for å spreia

informasjon om menneskerettar.

To nøgde vinnarar vart heidra på Bergenskonferansen 6. april. **Kristoffer Hundershagen** er gründer og dagleg leiar i Eduplaytion, ei oppstartsbedrift som består av erfarte matematikklærarar, designrarar og spelutviklarar og har hovudkontor i Naustdal i Sogn og Fjordane. Stipendet



står bak høvesvis matematikkspel (øvst til venstre) og kortstokk (over).

Foto: Noregs Mållag / Eduplaytion

pend til kortstokk

skal gå til utvikling av matematikkspillet Numetry, som er eit nytt konsept for elevar i 4.-7. klasse. I tillegg til å gjera ungane gode i matte, skal spelet visa fram nynorsk og mangfaldet av dialektar i Noreg. Mellom anna er røysta til Thomas Ryste frå Ørsta, alias Kjellen Bigset, å høyra i serien. – Når spelet skal spegla att den rike språkkulturen i landet vårt, er ingen ting meir naturleg enn å ha det på nynorsk, meiner gründeren.

Den andre stipendmottakaren i 2019 er **Julie Ane Ødegaard Borge**, som representerer Raftostiftinga i Bergen. Ho og stiftinga skal nytta stipendet til å trykkja og distribuera 300 kortstokkar med tittelen «Bryt Noreg menneskerettane?». Kortspelet er eit nytt under-

visningstilbod stiftinga har utvikla for elevar i den vidaregåande skulen. Føremålet er å invitera til aktiv deltaking og kritisk tenking rundt lokale, nasjonale og globale spørsmål.

Dette er det første undervisningstilbodet dei har laga på nynorsk, og det blir berre tilgjengeleg på nynorsk for å fremja nynorsk som eit brukspråk for alle skuleelevar lan- det rundt.

– Det er stor stas å dela ut stipend til to så gode tiltak og solide vinnarar, og det er fint med to heilt nye læringsressursar som får nynorsk bruksspråk heilt naturleg inn i skulekvarden for elevar over heile landet, seier leiar i Noregs Mållag Magne Aasbrenn, som stod for utdelinga.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no

*Det er stor stas
å dela ut stipend
til to så gode
tiltak og solide
vinnarar.*

Magne Aasbrenn



NT LANDET RUNDT

MÅLPRIS TIL ANN INGEBORG GRIMSMO: Nordmøre Mållag har gjeve Målprisen 2018 til **Ann Ingeborg Grimsmo** frå Rindal. «Ho representerer grunnstammen i målrørsla, og har vore punktleg og påliteleg i alt ho har gjort», skriv Nordmøre Mållag i grunngjevinga.

BAKERI HAR FATT MÅLPRIS:

Geiranger Bakeri i Volda har fatt målpris av Volda Mållag for 2018. Bakeriet får prisen fordi dei er flinke til å bruke nynorsk i marknadsføringa, og er eit føredøme for andre bedrifter.



NY LEIAR I ROGALAND MÅLLAG:

Rogaland Mållag har valt ny styreleiar. Den nye leiaren heiter **Einar Schibevaag**. Han har siste åra vore aktiv i Stavanger Mållag.



Guro Kvalnes

Foto: Andrea Rygg Nøttveit/Framtida.no

PRIS TIL GURO KVALNES: På årsmøtet til Ullensvang Mållag delte laget ut målprisen 2018 til **Guro Kvalnes** (biletet). Ho har siste åra arbeidd i Samlaget og vore leiar for Kringkastingsringen.

– Eg synest det var veldig stas å få prisen. For min del er det ein pris som heng høgt, så det betyr mykje. Eg er veldig oppteken av språk og nynorsken, og då er det utruleg kjekt å få anerkjenning, seier Guro Kvalnes.



NY LEIAR I STRANDA MÅLLAG: **Anders Folkestad** (biletet) er blitt leiar i Stranda Mållag. Han har bak seg ei lang karriere i fagrørsla med leiarverv i Lærerforbundet og seinare i Unio frå oppstarten i 2001 til 2015. Han var landsmøtetalar i Noregs Mållag på landsmøtet i Ålesund i 2004.

PRIS TIL FONNA ELEKTRO: Odda Mållag har tildelt Målprisen 2018 til Fonna Elektro AS for viljen deira til å ta nynorsken i bruk.

OS OG FUSA MÅLLAG: Dei to mållaga i komande Bjørnafjorden kommune er samde om å slå seg saman. Truleg blir namnet «Os og Fusa Mållag», melder Os og Fusaposten. Os Mållag og Fusa Mållag vart for eit par veker sidan samde om ein intensjonsavtale. Avtalen vart passande nok inngått på ferja mellom Hatvik og Venjaneset. Os Mållag fyller 100 år neste år, så uansett samanslåing blir jubileet feira.

NY LEIAR I NAUMDØLA MÅLLAG: Årsmøtet i Naumdøla Mållag har valt **Inge Staldvik** til ny leiar. Ein viktig debatt på årsmøtet var om Naumdøla Mållag bør halde fram som eit lokallag og bli ein del av Trønderlaget. Då vil Naumdøla Mållag ikkje vere eige fylkesmållag. Dette vil bli endeleg avgjort på eit seinare årsmøte.

Det er overraskande lite nynorsk skriftspråkstimulering i barnehagar i nynorskområde, viser masteroppgåva til **Anne Marta Vinsrygg Vadstein**. «Eg vil ikkje påleggje mine medarbeidrarar å lese på nynorsk» er ei utsegn som viser at omsynet til den vaksne veg tyngre enn omsynet til kva skriftspråkleg stimulering barnet har behov for, skriv ho.

Lite kultur for nynorsk i barnehagen

RAMMEPLANEN FOR BARNEHAGAR frå 2017 legg større vekt på «skriftspråkstimulering» enn tidlegare planar. Hausten 2017 starta eg innsamlinga til masterstudien Skriftkultur i barnehøgd – Den vaksne som tilretteleggar for nynorsk språkstimulering i barnehagen (Vadstein, 2018). Studien viser at det er stor variasjon i kva dei vaksne i barnehagen legg i omgrepet, og at det også er behov for å løfte fram korleis ein kan jobbe med det på barnehagen sine premissar.

Faglitteraturen argumenterer for at det ikkje er konflikt mellom det å drive skriftspråkstimulering og det å bevare barnehagen sin eigenart og kultur. Likevel er det mange pedagogar som vegrar seg når dei vert spurde om «skriftspråkstimulering», og fortel at dei er redde for å drive undervising og formell skriveopplæring. I det ligg det truleg ei forståing av skrift som noko som høyrer skulen til, noko som kjem etter at talespråket er på plass.

Kultur for skrift i barnehagen

Også små born utviklar ei forståing for at lesing og skriving er reiskap for kommunikasjon, dei blir sosialiserte inn i ein skriftkultur, som literacyforskar David Barton seier det. Vi har skrift rundt oss på alle kantar. Ser vi nærrare på kva skriftspråkstimulering i barnehagen kan vere, finn vi at det omhandlar ei rekke aktivitetar: Det er born sine møte med høgtlesing, songar, rim og regler, skrift i det fysiske miljøet og i teiknaktivitet og utforskande skriving. Det å stimulere talespråket og skriftspråket heng saman, og ved å gje borna eit rikt skriftspråkmiljø bidreg ein også til å stimulere talespråket, viser faglitteraturen. Vi seier gjerne at barnehageborn tileignar seg skriftspråket gjennom øyret, ved å lytte til høgtlesing eller song. Skriftspråkstimulering handlar altså ikkje primært om det å lære å skrive, men om å få gode erfaringar med skrift i bruk. Den vaksne er ein språkleg rollemodell i seg sjølv, i tillegg til at

han/ho skal legge til rette for at born møter skrift i barnehagen.

Å gje borna tilgang

Barnehagen har eit særleg godt utgangspunkt for spennande og variert språklæring. I barnehagen er fagområda vovne saman, og språkstimulering skjer gjennom heile dagen. Slik kan også skriftkulturen vere til stades i kvarldagen til borna. Det krev litt førebuing og at den vaksne ligg litt framme i løypa og har tenkt på til dømes kva for ei bok som skal lesast og kor tid, at han/ho har brukt tid på å lære ein ny song eller lagt fram blyantar, papir og anna inspirasjonsmateriell til leikekroken (og ikkje berre på teikneborde). Å gje borna tilgang til skrifta før dei sjølv etterspør det, er kanskje ei av dei største utfordringane, fortel pedagogane i studien min. Dei seier også at dei hjelper dei borna som etterspør lese- og skriveaktivitetar. Her kan det tenkjast at born som ikkje vel slike aktivitetar sjølv, får mindre språkstimulering enn andre. Til dømes vel mange vaksne å legge til rette for høgtlesing heilt i starten eller slutten av barnehagedagen, fordi det då er færre born til stades og dei opplever det som roleg og godt. Høgtlesing midt på dag kan vere eit tiltak som vil sikre at alle borna blir lesne høgt for. Å bruke bøker aktivt i leiken vil også stimulere språket. Ved å legge til rette for leikemiljø som gjer det mogleg å «leike boka», vert boka levande, borna brukar ord og omgrep frå bøkene, og boka kan fungere som igangsetjar eller bensinstasjon i leiken.

Kva med nynorsk språkstimulering?

Sjølv om det er mange barnehagar som har gode rutinar for høgtlesing, bibliotekbesøk, songsamlingar og andre skriftspråkstimulerande aktivitetar, viser det seg likevel at det er overraskande lite nynorsk språkstimulering i barnehagane. Berre éin av dei fem barnehagane i studien kan seiast



Anne Marta Vinsrygg Vadstein er høgskulelektor ved Nynorsk-senteret ved Høgskulen i Volda.

Foto: Høgskulen i Volda





Berre éin av dei fem barnehagane i studien kan seiast å ha ein gjennomgåande nynorsk literacypraksis.

å ha ein gjennomgående nynorsk literacypraksis. At mange barnehagar ikkje legg vekt på drive nynorsk språkstimulering, kan henge saman med at rammeplanen ikkje tematiserer målform i det heile teke. Omgrepet «språkform» er nytt i rammeplanen, men dette er eit utydeleg omgrep, og det viser seg at dette ikkje automatisk fører til at borna møter meir nynorsk i barnehagen. Ingen av dei ti informantane i studien definerte målform inn i omgrepet «språkform», men tolka det heller som «ulike måtar å uttrykkje språk på», «mimikk og gestar» eller «skriftleg eller verbalt språk». Det er altså ikkje nødvendigvis samsvar mellom det at pedagogen har ein sterk identitet som nynorskbrukar, og kor mykje nynorsk språkstimulering borna i barnehagen får. «Eg vil ikkje påleggje mine medarbeidarar å lese på nynorsk» er ei utsegn som viser at omsynet til den vaksne og den språklege bakgrunnen deira veg tyngre enn omsynet til kva skriftspråkleg stimulering barnet har behov for.

Inga motsetning

Å ligge litt framme i løypa betyr altså også å tenkje gjennom korleis ein som voksen kan leggje til rette for nynorsk språkstimulering, lære nye songar og regler og ta aktive val om å bruke nynorsk barnelitteratur. Det er verdifullt for borna der og då, og det er også med på å byggje ei bru til skulen og vidare læring. Det er inga motsetning mellom skriftspråkstimulering og barnehagekuluturen, viser faglitteraturen. Studien som denne artikkelen bygger på, viser likevel at det er ein veg å gå. Skal vi anerkjenne heilt og fullt at skriftspråket ikkje er noko som kjem etter talespråket, må vi arbeide meir med innhald og metode for skriftspråkstimulering i barnehagen. Det er også tid for å tematisere målform og språklege rettar for dei under skulealder.

ANNE MARTA V. VADSTEIN

Kunnskapsministeren har presentert framlegg til **nye læreplanar i norsk**. Kva meiner fagfolka om framlegget generelt og konsekvensane for nynorsk-undervisninga spesielt? Her svarar tre medlemmer.

NORSKFAG I ENDRING

HEGE MYKLEBUST, FYRSTEAMANUSIS
I NORSK VED HØGSKULEN PÅ VESTLANDET

1 I kva grad meiner du læreplanutkastet løyser utfordringane i norskfaget?

Kva som er dei største utfordringane i norskfaget, trur eg kjem mykje an på auga som ser. Mange norsklærarar har meint at vurderingsbyrda er den største utfordringa, og dei er nok glade for at dei no skal sleppa å setja karakter både i sidemål og hovudmål i fire av dei seks åra der elevane får karakterar. Eg ville kanskje sagt at den største utfordringa i norskfaget er å sikra god nok opplæring i både hovudmål og sidemål for alle elevar, både dei som har nynorsk som hovudmål, og dei som har nynorsk som sidemål. Denne utfordringa gjev læreplanutkastet ikkje noka løysing på.

2 Korleis meiner du utkastet tek vare på den biten av norskfaget som handlar om nasjonsbygging og felleskultuelle referansar?

Den nye læreplanen i norsk kan gje rom for mykje god læring og undervisning, også sett med nynorskbriller. Men det krev kloke og medvitne norsklærarar, som veit å utnytta handlingsrommet læreplanen skapar. Dei finst det mange av – men finst det mange nok?

Eg meiner det er mykje godt å seia om høyringsutkastet til nye læreplanar. I den overordna delen kjem den grunnleggjande ideologien og tenkjemåten for dei nye læreplanane fram, og her er det svært mykje bra. Punkt to og tre i overordna del lyder slik: «Skolen skal gi elevene historisk og kulturell innsikt og forankring, og bidra til at hver elev kan ivareta og utvikle sin identitet i et inkluderende og mangfoldig fellesskap» og «Skolen skal bidra til at elevene blir nysgjerrige og stiller spørsmål, utvikler vitenskapelig og kritisk tenkning og handler med etisk bevissthet.» Dei nye læreplanane skal konkretisera korleis desse verdiane skal setjast ut i livet, så å seia, i kvart fag. Eg meiner planane legg grunnlag for ein god skule som kan utdanna dei kreative, kritiske og grundige borgarane vårt framtidige samfunn har bruk for.



Hege Myklebust Foto: Vindblikk / Kari Mendelejev Svanberg

I kvart fag er det utforma kjernelement som skal vera sentrale i faget, og det er ein fordel for både lærarar og elevar at talet på og detaljformuleringane i kompetansemål er reduserte, slik at læreplanen er oversiktleg, handterbar, og gjev rom for at læraren i større grad enn tidlegare kan leggja opp undervisninga på den måten han eller ho meiner vil fremja verdiane frå overordna del og kompetansemåla frå læreplanen i faget. Men for at dette skal lukkast, krevst det kloke og medvitne norsklærarar som veit å utnytta handlingsrommet som læreplanen skaper.

Eg gler meg over formuleringa av kjernelementet «Språklig mangfold»: «Elevene skal ha kunnskap om dagens språksituasjon i Norge og utforske dens historiske bakgrunn. De skal ha innsikt i sammenhengen mellom språk, kultur og identitet og kunne forstå egen og andres språklige situasjon i Norge». Når eg held dette saman med måla frå overordna del om at elevane skal utvikla kritisk og vitskapleg tenkemåte, og få historisk og kulturell innsikt og forankring, tolkar eg det slik at læraren må leggja til rette for at elevane kan få skaffa seg kunnskap om språkhistorie, dei må få undersøkja korleis og kvifor me kom til å få nynorsk og bokmål i Noreg, kva andre språk som finst i klasserommet, på skulen, i lokalmiljøet, i Noreg, og kvifor. Alt etter andre trinn skal elevane «utforske eget talespråk og samtale om forskjeller og likheter mellom talespråk og skriftspråk». Etter fjerde trinn skal dei «utforske og samtale om forskjeller og likheter mellom bokmål og nynorsk». Då må dei jo læra noko om skriftspråka våre, korleis dei vart til, og kvifor dei finst, ville eg som norsklærar tenkt. Men eg er redd mange lærarar i staden tenker slik som redaktør av *Norsklæreren*, Jorunn Øveland Nyhus, som ser «slankinga» av faget som hovudpoenget: «Klarer norsklæreren i videregående å unngå å legge inn språkhistorien på 1800-tallet selv om den er flyttet til 10. trinn?» (leiarteig i *Norsklæreren* 1–2019). Sjølv om det einaste kompetansemålet som spesifikt etterspør ei historisk forklaring av den norske tospråksstoda er plassert etter 10. trinn, ville mi tolking av læreplanen vera at ein klok norsklærar gjev elevane tilgang til kunnskap om ulike delar av språkhistoria mange gongar opp gjennom skuleåra, og ikkje *unngår språkhistoria*.

Den nye læreplanen i norsk kan gje rom for mykje god læring og undervisning, også sett med nynorskbriller.

Hege Myklebust



Foto: Trine Jødal

frå 1800-talet alle andre år enn på 10. trinn. Når elevane skal arbeida vitskapleg, treng dei tilgang til kunnskap om mangt og mykje, inkludert språkhistorie, når dei har bruk for det – det er ikkje læraren sin jobb å unngå at elevane lærer stoff som ikkje er spesifisert i kompetansemål på det aktuelle trinnet.

3 Korleis meiner du utkastet vil påverke situasjonen for nynorsk, anten det gjeld sidemål eller hovudmål?

Sett frå eit nynorskstandpunkt er det sørgelereste ved dei nye læreplanane at det ikkje er eigen karakter i sidemål på andre trinn enn tiande og vg3. Det seier eg ikkje fordi eg er ein stor tilhengjar av karaktersetjing, isolert sett (tvert om), men fordi eg veit at karaktervurdering og målprøvar i stor grad styrer undervisninga. I utgangspunktet er det fullt mogleg å arbeida målretta og godt med lesing og skriving på nynorsk og bokmål som hovudmål og sidemål gjennom heile skulelopet, basert på læreplan-utkastet som ligg i bordet, men eg er redd for at det ikkje vil bli gjort.

SYNNØVE MARIE SÆTRE,
LÆRAR I NORSK VED ULSTEIN
VIDAREGÅANDE SKULE

1 I kva grad meiner du læreplanutkastet løyser utfordringane i norskfaget?

Den store utfordringa i norskfaget er at det fungerer som oppsamling for nye element som kjem inn i skulen, og at det har vakse seg så stort at det kan vere vanskeleg å handtere. Læreplanutkastet har som føremål å vere ein slankeoperasjon for faget, og ser ein på talet på kompetansemål i utkastet, kan ein seie at ein har lukkast. Ser ein derimot på *innhaldet* i kompetansemål, er saka ei anna. Mange av måla er vide og vase, og går ein grundig til verks i kvart mål, klarer ein fint å få det for travelt i faget med denne planen òg.

I andre tilfelle har ein kutta i kompetansemål ved at nokre tema er konsentrerte til ulike delar av skulelopet. Til dømes spelar kreativ skriving i vidaregåande ei mindre rolle i dette utkastet enn i tidlegare læreplan. Det kan vere fornuftig å kon-



Synnøve Marie Sætre

Foto: Ole Gunnar Dybvik

sentrere seg om fagartiklar, analysar og liknande på vidaregåande, men ein mister også noko på vegen i denne reindyrkinga. Å uttrykke seg kreativt er verdifullt og utviklande for elevar i alle aldrar.

*Utkastet er ingen siger for
nynorsken, korkje som hovudmål
eller sidemål.*

Synnøve Marie Sætre

**2 Korleis meiner du utkastet tek vare
på den biten av norskfaget som handlar
om nasjonsbygging og felleskulturelle
referansar?**

I førre høringsrunde fekk læreplanutkastet kritikk frå fleire hald fordi ein kuttar banda til fortida. Det gjeld også i norskfaget, og eg meiner at endringane av kompetansemåla for språkhistorie på Vg2 og Vg3 er kritikkverdige. Språkhistoria vår handlar om utviklinga av det viktigaste demokratiske verktøyet me har og som gjer at me kan kjenne fellesskap med kvarandre. Der ein i dag skal gjere greie for språkpolitikken og - debatten på 1800- og 1900-talet, skal ein i det nye utkastet gjere greie for den historiske bakgrunnen til språksituasjonen og språkpolitikken me har i dag. Målet er vagare, og det er mykje ein kan hoppe bukk over. Det er grenser for kor detaljert ein læreplan skal vere, og alle har sine kjeppesttar, men språkhistoria si rolle i skulen må ikkje undergravast, og overføringsverdien ho har til andre viktige emne ikkje undervurderast.

**3 Korleis meiner du utkastet vil påverke
situasjonen for nynorsk, anten det gjeld
sidemål eller hovudmål?**

Utkastet er ingen siger for nynorsken, korkje som hovudmål eller sidemål. Om me går til den tidlege språkoppleringa og ser på kompetansemåla etter 2. steg i barneskulen, finn me eit godt døme på det. I dagens læreplan skal elevane samtale om omgrep dialekt, nynorsk og bokmål. I det nye læreplanutkastet skal elevane utforske eige talemål og samtale om skilnader og likskapar mellom talemål og skriftspråk. Omgrepa som i dag opnar for å gjere elevane meir medvitne om sidemålet sitt tidleg i opplæringa, forsvinn.

Samstundes som nokre av desse tydelege formuleringane om nynorsk og bokmål tidleg i skuleløpet blir borte, opnar utkastet for ein vurderingspraksis seinare i skuleløpet som skal ta omsyn til at elevane ikkje har hatt like lang tid til å lære sidemålet sitt som hovudmålet sitt. Det at ein ikkje byrjar med sidemålet samstundes med hovudmålet, stemmer for bokmåselevane sin del. Men ikkje for nynorskelevane. Dei badar i sidemålet sitt før dei veit kva sidemål er. Om ein skal opne for slik vurderingspraksis, kunne ein i same rønnet nemne at å bli trygg i hovudmålet sitt når du er omgivne av sidemålet ditt på alle kantar, ikkje er for pingler, og at det er noko ein bør ta omsyn til. Men det bør me halde oss for gode til. Lat kompetansemåla og vurderingspraksisen vere lik. Byrj heller tidlegare med sidemål. I alle fag.

I denne samanhengen er det heller ikkje til å kome unna endringane i halvårvurderinga. Utkastet legg opp til felles skriftleg karakter etter fyrste termin i 8. og 9. klasse og på Vg1 og Vg2. Dette kan me sjølv sagt sjå på som ei svekking av nynorsk som sidemål, og kor mykje opplæring elevane får i sidemålet, vert i større grad opp til kvar lærar. Me kan også leggje godviljen til og håpe at lærarane utnyttar denne fleksibiliteten færre formelle vurderingssituasjonar fører med seg til meir djupnelæring i sidemålet.



Ellinor Bergli Bustad

Foto: Jo Straube

**ELLINOR BERGLI BUSTAD, LÆRAR I
NORSK VED SKAUN UNGDOMSSKOLE**

**1 I kva grad meiner du læreplanutkastet
løyser utfordringane i norskfaget?**

Hovudutfordringa til norskfaget er at det er omfattande. Det spenner frå bokstavlydar og riktig blyantgrep til bruk av metaspråk om setningsstruktur, det rommar både kommareglar og forteljinga om nasjonen Noreg, det inneholder tekstbinding og retorisk analyse, kjeldekritikk og litterære tolkingar. Elevane skal både vise formell dugleik, vere kreative og utvikle kritisk sans. Faget er både eit reiskapsfag, eit språkfag og eit kulturfag.

Ei slanking av talet på kompetansemål er meint å gje læreplanane ei tydeleg retning. Det er færre og meir overordna mål, og det skal gje rom for å bruke meir tid på delar av faget. Gode ønske. Utfordringa kjem når overordna mål skal brytast ned til læringsmål og praktisk gjennomføring i klasserommet. Færre bruker lærebøker, og desse treng heller ikkje sentral godkjennung, og sjølv om det finst veldig gode nettressursar, kan bruken ofte vere tilfeldig og avhengig av lisensar og tilgang. Resultatet blir at innhaldet i faget vil variere i svært stor grad.

**2 Korleis meiner du utkastet tek vare
på den biten av norskfaget som handlar
om nasjonsbygging og felleskulturelle
referansar?**

Det er mykje godt arbeid lagt ned i læreplanutkastet. Eg har sansen for presiseringa av kva som er kjernen i faget, altså kva det er eleven må lære for å kunne mestre og ta i bruk fagstoffet. Det er fint at verdiar og prinsipp for faget blir løfta fram. Eg likar også tanken om at ein skal kunne gå i



djupna med eit emne og bruke tid på det som er viktig. Men ein læreplan med store og overordna mål krev ein fagleg dyktig lærar. Som kan velje fagstoffet som gjev elevane innsikt i den rike kulturarven vi har, gjere dei til trygge språkbrukarar som meistrar bokmål og nynorsk og lære dei å forstå, tolke og stille kritiske spørsmål. Og mykje meir.

Og da dukkar det opp spørsmål som: «Kva er eigentleg viktig?» Og skal ein ha ei «alle skal med»- eller «kven skal ut»- tilnærming til lærestoffet? Og kor mange, og kva for vurderingssituasjoner treng ein eigentleg for at elevane skal få vist kompetansen sin?

Kompetansemål som «sammenligne og tolke romaner og andre tekster ut fra historisk kontekst og elevens samtid» gjev t.d. inga føring for kva for tekstar elevar bør lese og kjenne til. Det avgjer den enkelte læraren. Så kan ein seie at det ikkje er så viktig kva for bøker som blir lesne og kva for frittatarar ein får kjennskap til, dersom målet er individuell leseutvikling frå avkoding til forståing og tolking. Men det å lese inneber også å vere ein del av ein felles kulturarv. Det handlar om å vere ein



Foto: Terje Pedersen / NTB Scanpix

Éin karakter i undervegsvurderinga i faget kan fort bli til «hovudmålet minus sidemålet», eller «ein god minus ein mindre god karakter».

Ellinor Bergli Bustad

del av noko større enn seg sjølv. Det har vore ordskifte rundt kva for forfattarar som eventuelt skulle vore inne i planen og kven som ikkje fortener ein plass der, og eg ser den problemstillinga. Men eg trur nok at det er viktig å ta desse ordskifta. Skulen er den viktigaste samlande arenaen for barn og unge. Kunnskapen dei får her skal vere oppdatert, framtidsretta og relevant, men bør samstundes også vere med på å skape felles referansar både til historie og det som skjer i samtida.

3 Korleis meiner du utkastet vil påverke situasjonen for nynorsk, anten det gjeld sidemål eller hovudmål?

I det nye læreplanutkastet er det føreslått å slå saman dei to skriftlege karakterane i norsk i undervegsvurderinga. Argumentet er at dette skal gje større rom for å arbeide meir heilskapleg og grundig med tekstar.

Eg meiner ein godt kan arbeide grundig med tekstar på både hovudmål og sidemål og samstundes halde på begge karakterane. Eg lèt

til dømes bokmålselevane mine skrive annakvar innleveringstekst på nynorsk og bokmål. Det har dei gjort sidan dei starta i 8. Slik øver vi på å skrive riktig på både nynorsk og bokmål, samstundes som vi lærer tekstopbygging, sjangertrekk og har fokus på godt innhald. Ei arbeidsform som betyr å skulle lære seg eit språk gjennom sporadisk og bolagt undervisning, og til og med kanskje vente til 9. trinn med opplæringa, inneber etter mi meining det motsette av det å gå i djupna med emnet og arbeide grundig. Sidan bokmålsdominansen er så sterk, lyt ein bruke mykje tid på både å lese tekstar på nynorsk og skrive sjølv, dette gjeld også for elevar med nynorsk som hovudmål. Prinsippet er enkelt: Her er det mengdetrening som gjeld, dersom ein skal nå målet om å «skrive tekster med riktig tegnsetting og mestre rettskriving og ordbøyning på hovedmål og sidemål».

Ein karakter i undervegsvurderinga i faget kan fort bli til «hovudmålet minus sidemålet», eller «ein god minus ein mindre god karakter», der resultatet blir noko som ikkje fortel korkje kor god du er til å skrive på bokmål eller på nynorsk.

Det er ikkje berre vi menneske som snakkar og skriv norsk lenger. Er maskinene eit **trugsmål eller sjølve redninga** for nynorsken og dialektane?

(Maskinene) og {språket}

PÅ LANGKAIA RETT ved Oslofjorden finn vi NTB Nynorsk pressekontor (NPK). Byrået har levert nyhetsstoff på nynorsk til aviser over heile landet i akkurat 50 år, dei siste tolv som ein del av NTB. Nynorsk pressekontor lagar ein del eigne saker, men tilbyr også stoff frå NTB i nynorsk utgåve.

No for tida går det føre seg eit banebrytande arbeid i lokala til NPK. Godt hjelpt av solid digital kompetanse i NTB byggjer dei opp noko dei kalla ein nynorskrobot, det vil seie eit dataprogram som skal omsetje tekstar nesten automatisk frå bokmål til nynorsk.

Tidkrevjande å omsetje

Redaktør Karoline Riise Kristiansen er tydeleg glad for det som skjer.

– I dag treng vi roboten for å kunne oppfylle samfunnsoppdraget vårt. Absolutt alle typar byråstoffs skal vere tilgjengeleg på nynorsk, ikkje berre særskilde kategoriar. For å halde tritt med den stadig større mengda av tilfang, var vi avhengige av betre arbeidsverktøy. Stadig meir av byråstoffs til NTB blir produsert av robotar, og det inneber meir og meir stoff som skal omsetjast. Vi i NPK har rett og slett måttå bruke for mykje tid på omsetjing. Vi håpar at nynorskroboten kan gje oss tid til å lage fleire eigne saker i staden.

Arbeidet med nynorskroboten tok til for kring eit år sidan, og i desember fekk NPK 800 000 kr i ekstra støtte frå Kulturdepartementet til arbeidet. Det gav høve til å bruke meir ressursar til prosjektet, og i lag med NTB brukar Nynorsk pressekontor no ein god del tid på å få roboten så god som råd.

– Heile redaksjonen i NPK er involvert i dette språkarbeidet, med journalist Hallvard Østrem i spissen. Vi rettar og redigerer dei maskinomsette tekstene, og registrerer det som blir feil eller



LAGAR ROBOT: Jo Christian Oterhals er data scientist i NTB og Karoline Riise Kristiansen er redaktør i NTB Nynorsk pressekontor (NPK). Saman lagar dei ein robot som skal omsetje tekstar nesten automatisk frå bokmål til nynorsk.

Foto: Noregs Mållag

manglar. Østrem leier arbeidet med å lage og implementere reglar slik at omsetjingane roboten gjer, skal bli så gode som mogleg. I tillegg har vi fått ein fast kontakt i Språkrådet som vi kan rådføre oss med.

Det finst fleire metodar for å få ei maskin til å lære seg å omsetje mellom språk. I utgangspunktet hadde NPK tenkt å nytte eit korpus av parallele tekstar, seier Karoline Riise Kristiansen.

– I NPK og NTB har vi eit korpus på kring

40 000 tekstar som finst både på bokmål og nynorsk. Etter eit par månader såg vi at det likevel var for lite, sjølv om vi har forstått at dette er eit av dei største parallelkkorpusa i Noreg. Det krev enormt mykje data i eit slikt prosjekt. Ikkje ein gong Språkbanken, som er ei nasjonal korpusamling administrert av Nasjonalbiblioteket, har eit stort nok parallelkkorpus. Så vi skjøna fort at vi måtte finne på noko anna.

Løysinga var ikkje langt unna. Jo Christian

på å lage ordlister for å få roboten til å fungere så godt som råd.

– Vi har laga lister med 9500 norske gatenamn, vi har lister over alle norske for- og etternamn som er brukte av over 100 personar, og vi har lister over namn i nyheitsspråket som roboten ikkje greier å handtere av seg sjølv. Då Bahareh Letnes vart eit namn i norske media før jul, føreslo omsetjaren til dømes «Bahareh skal letnast» ...

Det er ikkje noko mål at nynorskroboten skal få til ei 100 % feilfri omsetjing. Han kjem alltid til å trenge røkting, fortel Oterhals.

– Roboten gjer mindre og mindre feil, men ei menneskehand på toppen vil nok alltid vere naudsynt.

Jo Christian Oterhals meiner alle språk i dag er avhengige av å nytte seg av teknologi, og dermed at teknologi hovudsakleg er eit gode for dei som snakk varmt om språkleg mangfold. Men han peikar på at teknologien utfordrar den norske tradisjonen med stor valfridom i rettskrivinga.

– Skal prosjektet med nynorskroboten vere mogeleg, så hadde vi ikkje høve til å handtere heile variasjonen i norma. Så vi brukar både a- og e-infinitiv, men elles held vi oss til éi form. Så den valfridomen som vanlegvis blir framelska her i landet, er nok kanskje ikkje mogeleg å oppnå, iallfall ikkje der som teknologien er no.

Oterhals seier at mange har vist interesse for arbeidet deira med nynorskroboten, mellom anna offentlege organ.

– Vi kjem til å selje nynorskroboten til dei som vil ha han ferdig installert og klar til bruk. Men for dei som har litt teknisk innsikt, er dette teknologi det går an å nytte seg av heilt gratis.

Gjennom arbeidet blir òg Språkbanken oppdert, fortel Jo Christian Oterhals.

– Mange av tekstane i Språkbanken er fleire

tiår gamle, og dermed därleg eigna for å bruke i språkteknnologi. No kjem vi med mykje nytt materiale som vil kome andre til gode. Det er bidraget vårt attende til fellesskapen for den økonomiske støtta vi har fått.

Språkbanken

For å kome den teknologiske utviklinga i møte har styresmaktene oppretta Språkbanken, som er eit offentleg og fritt tilgjengeleg tilbod med inn samla materiale til bruk i utviklinga av språkteknnologi. Målgruppa er både offentlege og private aktørar, innanfor så vel forsking som næringsliv. Språkbanken blir drifta av Nasjonalbiblioteket og er i fyrste rekke eit språkpolitisk tiltak.

– Vi tek mål av oss om å levere språkkressursar som gjer at den teknologien vi omgjev oss med i det daglege, er tilgjengeleg på norsk og skjøn norsk, inkludert bokmål, nynorsk og dialektane våre, seier avdelingsdirektør i avdeling for fag og forsking ved Nasjonalbiblioteket, Hege Stensrud Høsoien.

Men Språkbanken har nyleg fått kritikk. Ein utval sett ned av Språkrådet meinte i fjar at det kjem for lite ut av pengane det offentlege har brukt på han. Utvalet peika spesielt på at næringslivet finn lita nytte av Språkbanken. Hege Stensrud Høsoien meiner det er gode grunnar til det.

– Dei siste åra vi har sett ny interesse for store parallelldkorpus blant utviklarane av språkteknnologi. Teknologiinteressa har svinga frå regelstyrt system, slik Nynorsk pressekontor brukar til å lage roboten sin, til maskinlæring og kunstig intelligens. Det heng nok saman med at fleire har byrja å satse på taleteknologi. Vi i Nasjonalbiblioteket har fått med oss hamskiftet, og saman med Språkrådet tilrådde vi ei satsing på å byggje ein ny generasjon språkdata, allereie før kritikken



LEVERER SPRÅKKRESSURSAR: Hege Stensrud Høsoien er leiar for arbeidet med Språkbanken, eit språkpolitisk tiltak hjå Nasjonalbiblioteket.

Foto: Nasjonalbiblioteket



SPRÅKTEKNOLOGI FOR HEIMEN: Den digitale heimeassistenten Alexa er mellom dei språktekologiske produkta i marknaden. Han blir produsert av det amerikanske selskapet Amazon.

Foto: Pixels

Språktekologi er som ein snøball, di fleire som utviklar nye tenester, di større kan korpusa i Språkbanken bli.

Hege Stensrud Høsoien,
avdelingsdirektør i avdeling
for fag og forsking
ved Nasjonalbiblioteket

mot Språkbanken kom. No har vi fleire ressursar til rådvelde, og vi har difor endra satsinga for å møte dei nye behova.

Høsoien meiner også mange land stir med dei same utfordringane som Noreg på språktekologifeltet.

– Dialogen om korleis vi kan sikre våre eigne språk i møte med den internasjonale språktekologien går føre seg på tvers av landegrensene. Dette er ei stor utfordring som slett ikkje er løyst i andre land heller. Særleg land med små språk er i den same situasjonen, og eg meiner faktisk Noreg ligg ganske godt an samanlikna med andre. Alt dette meiner eg kritikken frå framtidstuvalet må sjåast i lys av.

Høsoien seier Nasjonalbiblioteket no er i gang med å få til ein betre dialog med næringslivsaktørar for å få innspel om kva dei treng. I så måte har kritikken frå Språkrådets framtidsutval òg hatt sine fordeler, fortel ho.

– Saka vart fanga opp av teknologipressa, og i kjølvatnet av det har vi fått meldingar frå mange som ikkje har kjent til Språkbanken frå før.

Høsoien trekkjer fram fleire døme på næringslivsaktørar som allereie nyttar seg av Språkbanken.

– TUVA er eit norsk taleattkjenningsprogram, utvikla i Noreg, som mellom anna kan skrive ned det du seier. Det blir til dømes bruka i helsesektoren. I tillegg har amerikanske IBM brukar setningar frå Språkbanken som inneheld kjensleuttrykk, i såkalla sentimentanalyse. I denne samanhengen inneber det å trenne eit program til å til dømes lære seg å forstå kor nøgde kundane dine var med det dei fekk.

Eit av satsingsområda til Språkbanken er å byggje opp parallelressursar som kan bidra til fleire læremiddel på nynorsk.

– Det er viktig for at kravet i opplæringslova blir oppfylt, og noko vi håpar å kunne kvittere ut ganske raskt, seier Høsoien.

Fellesskapsprosjekt

Stensrud Høsoien presiserer at Nasjonalbiblioteket ikkje kan ordne ei vellukka språktekologisatsing aleine. Fleire delar av det offentlege har ei viktig oppgåve for å sikre at produkt blir tilgjengelege på både bokmål og nynorsk, seier ho.

– Det er dyrare å tilby løysingar i begge målformene. Difor er det særleg viktig at det blir stilt krav om at offentlege språktekologiske produkt også skal finnast på nynorsk. Det har ein høve til å gjere i ein anbodsprosess, så eg vil peike på at Difi og Kommunal- og moderniseringsdepartementet sit på ein del av nykelen til språkleg jamstilling i språktekologiske produkt.

Språkbanken blir større og betre gjennom fleire ressursar, og det er det mange som kan bidra med. I haust arrangerte Nasjonalbiblioteket og Språkrådet seminaret «Gjenbruk av språkdata gir gevinst». Føremålet med seminaret var å gjere offentleg sektor merksam på kor viktig det er å dele det materialet ein har, og at det er svært mange slags ressursar som kan vere interessante.

Dersom Noreg skal lukkast med språkknolisatsinga si, er vi avhengige av at fleire vil dele, meiner Hege Høsoien.

– Mange har vore for lite medvitne om nyttar av å dele eigne data. Språktekologi er som ein snøball, di fleire som utviklar nye tenester, di større kan korpusa i Språkbanken bli. Så vi er veldig glade for det arbeidet Nynorsk pressekontor no gjer med nynorskroben, for det går rett inn i Språkbanken og kjem difor andre til gode. Eg har generelt møtt svært mykje velvilje og entusiasme i nynorskmiljøa for å dele informasjon. Så eg meiner det er grunn til å vere optimist på vegner av nynorsken i møte med språkteknologien.

ASTRID MARIE GROV
astrid.grov@nm.no



SOGN DAL FOTBALL

- på lag med nynorsken

stao no pao

SparebankenVest

Lerum

Tromsøværing er ny leiar i Norsk Målungsdom

Gunnhild Skjold

(23) frå Tromsø blei vald til ny leiar i Målungsdommen på landsmøtet i slutten av mars.

29.-31. mars samla Norsk Målungsdom seg til landsmøte på Ellingsrud skole i Oslo.

Der møttet språkengasjert ungdom frå lokallaga over heile landet for å vedta ny politikk og bestemme kva organisasjonen skal arbeide med i året som kjem.

Kjempar for læremiddel

Gunnhild Skjold blei aktiv i organisasjonen i 2014 da ho var med og skipa Studentmållaget i Tromsø. Det siste året har ho vore nestleiar i Norsk Målungsdom. Skjold er klar for å kjempe for at nynorskelevar skal få læremiddel på språket sitt, både trykte og digitale.

– Utan læremiddel på nynorsk er det nesten umogleg å vere nynorskelev. Kvar gong faga og læreplanane i skolen har blitt endra, kjem det nye læremiddel. Og kvar gong har nynorskelevarane måtte vente i månader og år på nynorske læremiddel. Kunnskapsminister Jan Tore Sanner og for-



NY LEIAR: – Utan læremiddel på nynorsk er det nesten umogleg å vere nynorskelev, seier nyvald leiar Gunnhild Skjold.

Foto: Anna Sofie Ekeland Valvatne

laga må ta ansvar for at det kjem nynorske læremiddel til skolestart i 2020 når dei nye læreplanane skal takast i bruk, krev Skjold.

Digital skolekvardag

– Det er også viktig at nynorskelevarane får møte språket sitt i den digitale skolekvardagen. Digitale læremiddel og appar blir viktigare og viktigare, men det blir ikkje mindre viktig for elevar å sjå språket sitt, seier den nyvalde leiaren, som forventar at kunnskapsminister Jan Tore

Sanner gjer det som trengst for at nynorskelevarane får ein like god digital skolekvardag som bokmålelevane.

Skjold tek over som leiar i juli. I tillegg blei Svein Soldal Eggerud frå Stord vald til nestleiar, Ingunn Vespestad Steinsvåg frå Stord til skrivar og Frida Pernille Mikkelsen frå Førde til økonomiansvarleg. Håkon Remøy frå Herøy, Kristoffer Myklebust Egset frå Ørsta og Ragnhild Kvifte frå Osterøy blei valde til sentralstyremedlemmar.

Storslått feiring av Ås Studentmållag

I 2018 VAR det 110 år sidan Ås Studentmållag vart stifta. Dette måtte sjølv sagt feirast med brask og bram. Me inviterte alle medlemmane våre og kunne freista med bokgåve til alle som tok turen. Blant bøkene vart «Juridisk og administrativ ordliste» meir populær enn NMU-klassikaren «Kva skal vi med sidemål?».

Det tredje eldste laget

Feiringa starta med at Åsblæst'n, studentkorpset på Ås, spela litt for oss, og det var stor stas å få besøk av dei. Etter intimkonserten med Åsblæst'n heldt skrivar i Norsk Målungsdom, Eline Bjørke, ein liten tale for oss og gratulerete oss med dagen.

Så var det tid for mat, og det var meir enn nok pizza til alle. Rett skal vera rett, og sidan det var bursdagsfeiring, vart det sjølv sagt også servert kake. Kvelden enda med prat og god stemning.

Ås Studentmållag er det tredje eldste studentmållaget i Noreg, berre slått av Studentmållaget i Tromsø og Studentmållaget i Oslo. Det vart skipa 8. september 1908 under namnet Studentmållaget ved Ås Landbrukshøgskule. I starten var det jamleg møte med blant anna foredrag, ordskifte og song, og medlemspengesatsen var ikkje meir enn 50 øre.

Teater og bøker

Det første året sette dei opp to teaterstykke, og initiativtakar for lagsstiftinga, Gunvald Birketvedt, seier dette om oppsettinga: «Stor kunst var korkje stykket eller framsyninga, men komedien hadde tendens, var nokso morosam, samla bra hus og fall i det heile i god jord.»

Ås Studentmållag er kanskje mest kjent for lærebokverksemda si. Frå 1914 har studentmållaget omsett ei rekke lærebøker til nynorsk, blant anna «Um steiane og jordi» frå 1921, «Husbyg-

ging på gardsbruk» frå 1934 og «Jordkultur og gjødsellære» frå 1937. I 1979 gav Ås Studentmållag ut «Norsk landbruksordbok» på Det Norske Samlaget. Dette er ei ordbok med definisjonar på fagtermar innan alle landbruksfaglege område. Ordboka inneholder også omsettingar til heile 7 språk. «Norsk landbruksordbok» har vore særdeles viktig for norsk fagspråk innanfor landbruk.

Aktivt lag

I dag er Ås Studentmållag eit aktivt studentmållag med engasjerte medlemmar. Me har framleis jamleg aktivitet og arbeider for at Ås-studentane skal få dei språklege rettane sine oppfylte. Sjølv om me har mest sosial aktivitet, har me også hatt noko politisk aktivitet den siste tida, blant anna lesarinnlegg i studentavisa og opphenging av «Hugs å be om eksamen på nynorsk»-banner.

INGUNN VESPESTAD STEINSVÅG



FREDRIK HOPE
leiari i Norsk Målungsdom

På tide å bretta opp erma

Lat Sanner få sanna at mange vil at alle **elevar skal læra nynorsk** skikkeleg, og at det skal verta lettare å halda fram som nynorskelev.

FRAMLEGGET TIL NY læreplan i norsk som kom 18. mars, var eit stort vonbrot. I staden for å styrkja nynorskundervisinga, har kunnskapsministeren valt å svekkja sidemålsordninga og gjera endringar som vil få fleire nynorskelevar til å byta til bokmål. Dette kan du vera med på å hindra om du kvesser pennen, brettar opp erma og skriv høyringssvar før 18. juni.

DJUPNELÆRING ER MÅLET for fagfornyinger og dei nye læreplanane, men når det gjeld sidemål, er dei einaste endringane lettvinne svekkingar. Kunnskapsdepartementet vil fjerna halvårs karakterane utan å innføra krav som sikrar at elevane skriv både nynorsk og bokmål. Dei har lagt opp til at skulane skal velja sjølv om dei har sidemålsundervising i 8.klasse, noko som fører til seinare oppstart med systematisk sidemålsundervising.

